



Hardanger og Voss Museum

5778 UTNE

Dato: 18.09.2015

Vår ref.: 2015/2151-70

Saksbehandlar: Bjørg Larsen

Dykkar ref.:

## Hardanger og Voss Museum Hardanger fartøyvernssenter - fordeling av tilskot til kulturbygg med regionale funksjonar 2015

Vi har motteke dykkar søknad datert 28. april 2015. Hordaland fylkeskommune, Kultur- og ressursutvalet, handsame søknaden den 20.08.2015 (sak 125/15). **Søknaden fekk diverre avslag.**

Ved tildelinga for 2015 var det kr 5 779 000,- til fordeling. Det kom inn 11 søknadar innan fristen. Ved avgjerda av dykkar sak har Kultur- og ressursutvalet lagt til grunn dei opplysningane som går fram av søknaden. Kultur- og ressursutvalet hadde fyljande innstilling:

«Hardanger Fartøyvernssenter fekk kr 1 900 000 i 2013 til dette tiltaket. Fylkesrådmann finn ikkje å støtte med meir tilskot til dette prosjekt»

Part eller andre med rettsleg partsinteresse kan påklaga vedtaket innan ein frist på tre - 3 - veker. Fristen vert rekna frå den dagen de fekk melding om vedtaket.

Vedtaket kan påklagast i medhald av forvaltningslova § 28. Kulturdepartementet er klageinstans for vedtak knytt til statlege spelemidlar løyvd gjennom desentralisert ordning for kulturbygg. Klagen skal sendast til Hordaland fylkeskommune, Kultur- og idrettsavdelinga. Klagen må innehalde opplysningar om kva vedtak det vert klagt over, årsaka til at det vert klagt og kva endringar ein meiner bør gjerast.

Vi gjer merksam på at de etter Forvaltningslova har rett til å gjere dykk kjend med dokumenta i saka med dei avgrensingane som følgjer av §§ 18 og 19.

Anna Elisa Tryti  
Fylkesdirektør kultur og idrett

Ronny B Skaar  
Leiar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*